



Vang kommune

Kommunestyret

Møteprotokoll

Møtedato: 07.05.2026
Møtetid: Kl. 09:00 - 16:00
Møtestad: Vang kommunehus - Grindadn

Frammøte

Jørand Ødegård Lunde
Elisabeth Myhre
Lars Østbye Hemsing
Steinar Frøyen
Stine Solemsli
Unni Sandsengen
Vidar Eltun
Asgrim Opdal
Elisabeth Hålien
Jon Helge Solemsli
Leif Solemsli
Tom Kjetil Tørstad
Erlend Eggen
Helge Lajord
Kristin Bakke Lajord

Parti

ANDR
AP
AP
AP
AP
AP
AP
BIV
BIV
BIV
BIV
BIV
MDG
SP
SP

Forfall

Bjørn Olav Søndrol
Camilla Bjone Hålien

Parti

AP
SP

Varamedlem møtte

Vegard Eltun
Elin Rømyhr Haugen

Parti

AP
SP

Ugilde	Sak	Varamedlem møtte	Merknad
Erlend Haaverstad	031/26	Guro Råheim Kvam	Jamfør forvaltningslova §6.
Jon Helge Solemsli	031/26		Jamfør forvaltningslova §6
Leif Solemsli	031/26		Jamfør forvaltningslova §6
Stine Solemsli	031/26		Jamfør forvaltningslova §6

Møtenotater:

Innslag frå Vang kulturskule, skulekorpset

Orienteringar:

- Gjennomgang av lovpålagte og ikkje lovpålagte tenester v/Stine Solemsli

- Forprosjekt Vangsheimen, v/Guro Råheim Kvam og Thorleif leine
- Status Burmavegen v/Thorleif Leine
- Folkehelsa i Vang, Caroline Soli Bryntesen

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
025/26	Godkjenning av møteprotokoll
026/26	Spontanspørjetimen
027/26	Planprogram - kommuneplanens arealdel 2027-2039
028/26	Endring i forskrift om møtegodtgjersle – justering av dato for regulering av satsar
029/26	Kontrollutvalet si årsmelding 2025
030/26	Delegering av myndighet til å fastsette forskrift om forbud mot bruk av ild
031/26	Sluttrapport for utgreiing av felles brann og redningsteneste i Valdres
032/26	Eigarskapskontroll VLMS Eigedom IKS og Valdres Natur og Kulturpark KO
033/26	Helseberedskapsplanar Vang kommune 2026
034/26	Oppdatert vertskommuneavtale for Valdres lokalmedisinske senter
035/26	Plan for å fremje gode oppvekstsvilkår
036/26	Samlesak for delegerte saker
037/26	Samlesak for referatsaker

025/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

07.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 025/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

026/26 Spontanspørjetimen

07.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Kristin Bakke Lajord (SP)

Rot og skrot rundt omkring. Kva kan kommunen gjere med dette?

Svar frå kommunedirektøren:

Hovudregelen er at det er den som eig ein eigedom og den som driv næring som har ansvaret for å unngå forsøpling og miljørisikoar. Kommunen skal følgje opp når det ligg føre forsøpling etter forureiningslova, det vil seie når avfall er etterlate eller lagra slik at det verkar skjemmande eller kan føre til miljøproblem.

I praksis betyr det at kommunen bør gripe inn ved kassert avfall, skrot og ulovlege avfallsplassar særleg når det er miljørisiko eller større omfang. Kommunen skal normalt ikkje gripe inn når det er vanleg rot eller uorden på privat eigedom, gjenstandar som er i bruk eller lagra til bruk. Men me som kommune skal tilrettelegge for gode ordningar for å handtere avfall gjennom renovasjonsordningar. Mellom anna er det gratis henting av landbruksplast.

Grensa for når kommunen må følge opp er ei skjønnsmessig vurdering, der kommunen må sjå på tilstand, bruk og omfang i kvar enkelt sak. Nivået må også prioriterast med tanke på ressursar for å følgje opp. Oppsummert kan ein sei at ei god løysing krev både oppfølging frå kommunen og at innbyggjarar og næringsdrivande tek det ansvaret dei har for å handtere avfall.

Helge Lajord (AP)

Oppfølging av kommunale utleigebustadar.

Svar frå kommunedirektøren: Viser til følgjande punkt i leigekontrakta

§4 – Leigetakar og utleigar sine plikter

Utleigar og leigetakar er samde om å rette seg etter kap. 5, §§ 5-1 – 5-8 i Husleigelova.

§5 – Vedlikehald av grøntanlegg/tomt

Leigetakar pliktar å vedlikehalde eventuelle grøntanlegg/tomt som høyrer til bustaden, slik at dette ikkje verkar skjemmande.

§6 – Generelle føresegner

Ellers gjeld føresegene i Husleigelova.

Steinar Frøyen (AP)

Innsyn i dokument Føssebergsaka

Når kan eg forvente å få innsyn i dokument eg har bedt om innsyn i?

Svar frå kommunedirektør: Frøyen har bedd om innsyn i alle dokumenter, møtereferat, faktura med bilag og e-poster mellom ansatte i Vang kommune og advokatselskapet Ryger vedr. Føssaberge-saken som ikke allerede ligger i saksdokumentene.

Kommunen har sendt over dei dokumenta som er journalført i saka og som ikkje allereie var del av saksdokumenta. Då innsynskravet var omfattande har Frøyen fått tilbod om eit møte med kommunen for å presisere om det er konkrete e-postar eller bilag han ynskjer innsyn i.

Lars Østby Hemsing (AP)

Tilbud til barn og unge, rapport fra riksrevisjonen. Korleis møter kommunen barn og unge med ulike fysiske og psykiske utfordringar?

Svar frå kommunedirektøren: Det vil bli orientering om dette på kommunestyremøte 18.juni

Vidar Eltun (AP)

Spørsmål frå tidligere møte: Regional organisering og behandling i Regionrådet i Valdres IPR.

Svar frå Ordføraren: Det er ein prosess som er i gang. Her har kommunane lagt litt ulike løp. IPR har saka 11. mai, der vil vi gå djupare inn i økonomi og oppgåver vi samhandlar om i region. Saka må avklarast i kommunestyra i Valdres. Når vi har eit felles saksgrunnlag og saka er godt nok opplyst blir saka sett på sakskartet i Vang. Prosessen kan innebære endringar for VNK, men det blir først avklara når prosessen er fullført.

KS - 026/26 Vedtak:

027/26 Planprogram - kommuneplanens arealdel 2027-2039

Framlegg til vedtak

Kommunestyret legg planprogram for revidering av kommuneplanens arealdel ut på høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13.

07.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Sak 27/26 - Tillegg til styringsgruppe, fremja av Elisabeth Myhre, Arbeiderpartiet

2 politikere med: Tom Kjetil Tørstad BiV Steinar Frøyen AP

Tillegg til vedtak - bestilling av politisk organisering, fremja av Lars Østbye Hemsing, Arbeiderpartiet
Kommunestyret ber kommunedirektøren utrede og foreslå tiltak for å sikre politisk forankring og medvirkning i arbeidet med kommuneplanens arealdel, herunder hvordan politisk representasjon kan bidra til god forankring i partigruppene. Dersom det er behov for å etablere en egen politisk gruppe eller tilsvarende struktur, skal forslag til dette og tilhørende mandat inngå i vurderingen. Dette må vere avklart før fastsetting av planprogram.

endringer til planprogram, fremja av Asgrim Opdal, Bygdelista i Vang

Innspill;

- fritidsbustader
- aktiviteter- som aukar attraktivitet og positivt for folkehelsen til innbyggjarar og turister/gjester

Framdriftsplan

* Det skal jobbes(målsetning) for at arealdelen skal vedtakast av inneværende kommunestyregruppe

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Sak 27/26 - Tillegg til styringsgruppe**

Elisabeth Myhre (AP), Andre partier: AP

For: 2 stemmer (12%) - AP 2

Stemmer:

Steinar Frøyen (AP)

Elisabeth Myhre (AP)

Mot: 15 stemmer (88%) - ANDR 1, AP 5, BIV 5, MDG 1, SP 3

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Tillegg til vedtak - bestilling av politisk organisering**

Lars Østbye Hemsing (AP)

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **endringer til planprogram**

Asgrim Opdal (BIV)

For: 12 stemmer (71%) - AP 4, BIV 5, SP 3

Mot: 5 stemmer (29%) - ANDR 1, AP 3, MDG 1

Stemmer:

Lars Østbye Hemsing (AP)

Stine Solemsli (AP)

Erlend Eggen (MDG)

Unni Sandsengen (AP)

Jørand Ødegård Lunde (ANDR)

Votering nr 4 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 027/26 Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren utrede og foreslå tiltak for å sikre politisk forankring og medvirkning i arbeidet med kommuneplanens arealdel, herunder hvordan politisk representasjon kan bidra til god forankring i partigruppene. Dersom det er behov for å etablere en egen politisk gruppe eller tilsvarende struktur, skal forslag til dette og tilhørende mandat inngå i vurderingen. Dette må vere avklart før fastsetting av planprogram.

Innspill;

- fritidsbustader
- aktiviteter- som aukar attraktivitet og positivt for folkehelsen til innbyggjarar og turister/gjester

Framdriftsplan

* Det skal jobbes(målsetning) for at arealdelen skal vedtakast av inneværende kommunestyregruppe

Kommunestyret legg planprogram for revidering av kommuneplanens arealdel ut på høyring og offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1 og 11-13.

028/26 Endring i forskrift om møtegodtgjersle – justering av dato for regulering av satsar

Framlegg til vedtak:

Forskrift om møtegodtgjersle blir endra slik at årleg regulering av satsar av møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste skjer frå 1. august, i staden for 1. mai.

Endringa trer i kraft frå og med 2026.

Elles gjeld forskrifta uendra.

07.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 028/26 Vedtak:

Forskrift om møtegodtgjersle blir endra slik at årleg regulering av satsar av møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste skjer frå 1. august, i staden for 1. mai.

Endringa trer i kraft frå og med 2026.

Elles gjeld forskrifta uendra.

029/26 Kontrollutvalet si årsmelding 2025

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Vang kommune til vitende.

07.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Leiar i kontrollutvalet la fram saka

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 029/26 Vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Vang kommune til vitende.

030/26 Delegering av myndighet til å fastsette forskrift om forbud mot bruk av ild

Framlegg til vedtak:

Med hjemmel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 5, jf. forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 3 fjerde ledd, lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 5-4, fattar kommunestyret følgende vedtak:

1. Vang kommunes myndighet til å vedta midlertidig forskrift om forbud mot bruk av ild delegeres til brannsjefen i Valdres brann- og redningstjeneste IKS.
2. Vedtaket skal være i henhold til vurdering av spesielt stor brannfare eller andre ekstraordinære forhold.
3. Brannsjefen skal dokumentere vurderingsgrunnlaget for vedtaket og sørge for at forskriften kunngjøres i tråd med bestemmelser i forvaltningsloven.
4. Kommunestyret kan trekke tilbake delegasjonen eller gi nærmere retningslinjer for bruken av den.
5. Delegasjonen trer i kraft umiddelbart og gjelder inntil annet vedtas.

07.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 030/26 Vedtak:

Med hjemmel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 5, jf. forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 3 fjerde ledd, lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 5-4, fatter kommunestyret følgende vedtak:

1. Vang kommunes myndighet til å vedta midlertidig forskrift om forbud mot bruk av ild delegeres til brannsjefen i Valdres brann- og redningstjeneste IKS.
2. Vedtaket skal være i henhold til vurdering av spesielt stor brannfare eller andre ekstraordinære forhold.
3. Brannsjefen skal dokumentere vurderingsgrunnlaget for vedtaket og sørge for at forskriften kunngjøres i tråd med bestemmelser i forvaltningsloven.
4. Kommunestyret kan trekke tilbake delegasjonen eller gi nærmere retningslinjer for bruken av den.
5. Delegasjonen trer i kraft umiddelbart og gjelder inntil annet vedtas.

031/26 Sluttrapport for utgreiing av felles brann og redningsteneste i Valdres

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i Vang slutter seg til vedtaket gjort av representantskapet i Valdres brann- og redningstjeneste IKS i sak 03/26.

Ugilde	Varamedl. møtte	Merknad
Erlend Haaverstad	Guro Råheim Kvam	Jamfør forvaltningslova §6.
Jon Helge Solemsli		Jamfør forvaltningslova §6

Leif Solemsli		Jamfør forvaltningslova §6
Stine Solemsli		Jamfør forvaltningslova §6

07.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Tillegg til vedtak, fremja av Jørand Ødegård Lunde, Andre

Kommunestyret i Vang syner til den KI genererte tabellen side11 og meiner at tabellen er misvisande. Ved administrativ vertskommunemodell beheld **ei** kommune politisk kontroll medan dei andre kommunane blir underlagt vertskommunens politiske vurderingar og vedtak. Kommunestyret i Vang meiner at interkommunalt samarbeid og oppgåveløysing skal gjerast i organisasjonsformer som reint juridisk sett likestiller dei deltakande kommunane.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Tillegg til vedtak**

Jørand Ødegård Lunde (ANDR)

For: 14 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 6, BIV 3, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 14 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 6, BIV 3, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 031/26 Vedtak:

Kommunestyret i Vang slutter seg til vedtaket gjort av representantskapet i Valdres brann- og redningstjeneste IKS i sak 03/26.

Kommunestyret i Vang syner til den KI genererte tabellen side11 og meiner at tabellen er misvisande. Ved administrativ vertskommunemodell beheld **ei** kommune politisk kontroll medan dei andre kommunane blir underlagt vertskommunens politiske vurderingar og vedtak. Kommunestyret i Vang meiner at interkommunalt samarbeid og oppgåveløysing skal gjerast i organisasjonsformer som reint juridisk sett likestiller dei deltakande kommunane.

032/26 Eigarskapskontroll VLMS Eigedom IKS og Valdres Natur og Kulturpark KO

Framlegg til vedtak:

- Kommunestyret tek prosjektrapport for eigarskapskontrollen av VLMS-Eiendom IKS og VNK KO og tilrådingane i rapporten til vitende.
- Kommunestyret ber kommunedirektøren og eigarepresentantar følgje opp, slik at revisor sine tilrådingar i prosjektrapport for eigarskapskontrollen blir fulgt opp og gjennomført:

For kommunen si eigaroppfølging generelt er følgande tilrådd:

- Kommunene er pliktige å omtale formål med sine eierskap i selskaper og andre samarbeid i eierskapsmeldingen for å tydeliggjøre hensikten med eierskapet. De bør derfor sørge for at formål med kommunens eierskap i selskaper og samarbeid innarbeides i eierskapsmeldingen.

- Kommunene bør innføre som rutine å jevnlig gjennomgå styringsdokumenter som regulerer styringen av selskaper der den er eier, f.eks i forbindelse med neste revisjon av eierskapsmeldingen.
- Kommunikasjon mellom kommunestyret og eierorganene bør nedfelles i kommunens eierskapsmelding. Også her kan neste revisjon av eierskapsmeldingen være en anledning til å innarbeide dette.

For kommunen sitt eigarskap i VLMS-Eiendom IKS og VNK KO er følgende tilrådd:

- For å i møte kravene i regelverket for offentlige anskaffelser bør det tas en gjennomgang av hvorvidt Nord-Aurdal kommune lovlig kan kjøpe tjenester fra VLMS Eiendom uten konkurranse i form av utvidet egenregi.
- VLMS Eiendom bør nedfelle bruk av valgkomité i sin selskapsavtale, samt gå over til en ordning med numeriske i stedet for personlige varamedlemmer.
- I lys av habilitetsmessige utfordringer og risiko for rolleblanding bør ordningen med ledende ansatte i styrene i interkommunale selskaper revurderes, slik som i tilfelle VLMS Eiendom. Samtidig bør det sikres at valgkomitéen kan foreta en selvstendig vurdering av i sin tilrådning til valg av styremedlemmer.
- VLMS Eiendom bør få på plass retningslinjer som regulerer habilitet i selskapet.
- Det bør innføres etiske retningslinjer for VLMS Eiendom.

07.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Erlend Eggen la fram saka.

Oppfylgingspunkta vart drøfta og desse vurderingane vart gjort:

Kulepunkt 1,2,3 og 6 fyljast opp i eigarskapsmeldinga

Kulepunkt 4 fyljast opp av Nord Aurdal kommune

Kulepunkt 5 fyljast opp av representantskapet

Kulepunkt 6 og 7 bør fyljast opp av styret og leggst fram for representantskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 032/26 Vedtak:

- Kommunestyret tek prosjektrapport for eigarskapskontrollen av VLMS-Eiendom IKS og VNK KO og tilrådingane i rapporten til vitende.
- Kommunestyret ber kommunedirektøren og eigarepresentantar følgje opp, slik at revisor sine tilrådingar i prosjektrapport for eigarskapskontrollen blir fulgt opp og gjennomført:

For kommunen si eigaroppfølging generelt er følgende tilrådd:

- Kommunene er pliktige å omtale formål med sine eierskap i selskaper og andre samarbeid i eierskapsmeldingen for å tydeliggjøre hensikten med eierskapet. De bør derfor sørge for at formål med kommunens eierskap i selskaper og samarbeid innarbeides i eierskapsmeldingen.

- Kommunene bør innføre som rutine å jevnlig gjennomgå styringsdokumenter som regulerer styringen av selskaper der den er eier, f.eks i forbindelse med neste revisjon av eierskapsmeldingen.
- Kommunikasjon mellom kommunestyret og eierorganene bør nedfelles i kommunens eierskapsmelding. Også her kan neste revisjon av eierskapsmeldingen være en anledning til å innarbeide dette.

For kommunen sitt eigarskap i VLMS-Eiendom IKS og VNK KO er følgende tilrådd:

- For å i møte kravene i regelverket for offentlige anskaffelser bør det tas en gjennomgang av hvorvidt Nord-Aurdal kommune lovlig kan kjøpe tjenester fra VLMS Eiendom uten konkurranse i form av utvidet egenregi.
- VLMS Eiendom bør nedfelle bruk av valgkomité i sin selskapsavtale, samt gå over til en ordning med numeriske i stedet for personlige varamedlemmer.
- I lys av habilitetsmessige utfordringer og risiko for rolleblanding bør ordningen med ledende ansatte i styrene i interkommunale selskaper revurderes, slik som i tilfelle VLMS Eiendom. Samtidig bør det sikres at valgkomitéen kan foreta en selvstendig vurdering av i sin tilrådning til valg av styremedlemmer.
- VLMS Eiendom bør få på plass retningslinjer som regulerer habilitet i selskapet.
- Det bør innføres etiske retningslinjer for VLMS Eiendom.

033/26 Helseberedskapsplanar Vang kommune 2026

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner *Plan for helse- og sosial beredskap* og *Plan for vern mot smittsamt sykdomar*. Kommunestyret delegerer ansvar for vidare revisjon av planane til kommunedirektøren.

07.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 033/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner *Plan for helse- og sosial beredskap* og *Plan for vern mot smittsamt sykdomar*. Kommunestyret delegerer ansvar for vidare revisjon av planane til kommunedirektøren.

034/26 Oppdatert vertskommuneavtale for Valdres lokalmedisinske senter

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner ny vertskommuneavtale for VLMS som vedlagt. Kommunestyret gir kommunedirektør fullmakt til å signere avtalen.

07.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslagForslag: **Opprinnelig forslag****For:** 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3**Mot:** 0 stemmer (0%)**KS - 034/26 Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner ny vertskommuneavtale for VLMS som vedlagt. Kommunestyret gir kommunedirektør fullmakt til å signere avtalen.

035/26 Plan for å fremje gode oppvekstsvilkår**Framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek *Plan for å fremje gode oppvekstsvilkår ved å førebygge at barn og unge utsettast for omsorgssvikt, eller utset si utvikling for fare.*
2. Planen skal leggst til grunn for kommunen sitt arbeid med førebygging og tidleg innsats for barn og unge.

07.05.2026 Kommunestyret**Behandling****Votering nr 1** - Votering over forslagForslag: **Opprinnelig forslag****For:** 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3**Mot:** 0 stemmer (0%)**KS - 035/26 Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek *Plan for å fremje gode oppvekstsvilkår ved å førebygge at barn og unge utsettast for omsorgssvikt, eller utset si utvikling for fare.*
2. Planen skal leggst til grunn for kommunen sitt arbeid med førebygging og tidleg innsats for barn og unge.

036/26 Samlesak for delegerte saker

Delegerte saker blir tatt til orientering

07.05.2026 Kommunestyret**Behandling**

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

KS - 036/26 Vedtak:

Delegerte saker blir tatt til orientering

037/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

07.05.2026 Kommunestyret

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

Orienteringar frå Ordføraren:

- Gruppa som arbeider med ny skytebane arbeider for å få eit areal på Tomleøygarden inn i KPA.
- Denne saka sorterer under HUU, men kort også her: Måndag 4. mai hadde ordføraroppøpet for å få jervebestanden ned på bestandsmålet i Region 3 møte med Andreas Bjelland Eriksen med fleire frå embetsverket både frå hans departement og frå Landbruksdepartementet.
- Innspill til Innlandet fylkeskommune i vidare arbeid med NTP og strategi for samferdsel i Innlandet frå IPR. E 16 betydning er breitt begrunna. E16 Fagernes sør - Hande var ved sist rullering prioritert som nummer 2 av fylkeskommunen i porteføljen til Statens Vegvesen. IPR skriv at vi har ein klar forventning om at vi beheld denne prioriteringa. I tillegg til ber IPR om at det arbeides for frie midler til Statens Vegvesen i NTP, til vedlikehald og mindre utbetringar. Vi ber også om auka midlar til utbedring av fylkesvegane.
- 10.april, telefonmøte med Cato Løkken (assisterende direktør drift og vedlikehold)SVV. Tema som vart diskutert, trafikktryggleik i Vang sentrum og gang- og sykkelveg Tveit Ryfoss. Den siste i lys av opsjon som er inngått på industritomta Utgard. Det er ein fordel å få mest mogeleg av dette med no i KPA prosessen i Vang. Løkken vil diskutere dette internt i SVV. Dei kjem attende til oss.
- Næringsminister Myrseth arrangerte 5. april til kontaktkonferanse med reiselivsnæringa for å få innspel til reiselivspolitikken. Ho sa mellom anna: «Vi skal bygge en konkurransedyktig reiselivsnæring som skaper verdier og helårige arbeidsplasser, samtidig som vi ivaretar naturen, kulturen og lokalsamfunn. Det er en jobb som myndigheter, partene i arbeidslivet og reiselivsnæringen må gjøre sammen». Det blir arbeida med ei ny plan, den blir lansert hausten 2026, det er opna ein eigen digital portal for innspel til arbeidet. Eksempla som vart synt fram var frå det vi ofte omtalar so «high end» produkt, det var stor vekt kvalitet og å tiltrekkje seg betalingsvillige besøkande.
- Møte med Allstad 9.april, om vedlikehald i Vang prestegard
- Ein planlegg eit ope kveldsmøte med KPA ein av datoane 2. eller 3.juni

Orienteringar frå kommunedirektøren

- Omstilling
- Innbyggjarundersøking "Bedre kommune", standard spørsmål. Sendast ut i løpet av mai, ligg ute i 30 dagar.
- Kommunedirektøren sin leiargruppe: vurderer organisering av leiarnivå 2. Skal informere andre leiarar i kommunen og tillitsvalde i neste veke. Sak til kommunestyret i juni ifm budsjettjustering. Administrasjonsutvalg, AMU, formannskap
- Rapportere på omstillingsarbeidet i tertialrapporten etter første tertial kjem 18. juni
- Totalforsvarsåret 2026:
 - Totalberedskapsplan i kommunestyret 18. juni
 - Regional øvelse i Sør Aurdal kommune i juni
 - Nasjonal øvelse regi av DSB og SFIN, Valdres 21. sept

- Leiargruppa har vore på kurs i kriseleiing DSB
- Eigenberedskapsveka veke 41
- KPA medverknad og kompetanseheving
 - Politisk verkstad 27. mai med Holt&Winge/Multiconsult
 - Føremålet er å skape forståing for lovverk, prosess, sette dykk som politikarar i stand til å svare godt på spørsmål i arbeidet med KPA
 - Ope møte KPA prosess. Dato blir annonsert

KS - 037/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering